

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-C00, FE-223  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 13.01.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
009/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.02.2022

### Kulturprosjekt - 1. utdeling 2022

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av kulturprosjekt – 1. tildeling 2022.

#### Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

#### Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### OKK- 009/22 Vedtak:

Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av kulturprosjekt – 1. tildeling 2022.

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

#### Bakgrunn

Alver kommunestyre vedtok i møte 16.09.21 *sak 098/21 Kommunale tilskotsordningar kultur og idrett - revidering av retningsliner*. Retningsline omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrett.

Den totale ramma for kultur vart redusert med ein million kroner i møte i kommunestyret 16.12.21 *sak 164/21 - Økonomiplan 2022-2025*. Som følge av kuttet vart tilskotsordninga redusert frå kr 7.700.000 i 2021 til kr 6.700.000 i 2022, ein reduksjon på 1 million kroner. Barn og unge har så langt som mogeleg blitt skjerma.

Denne sak gjeld fordeling av midlar til kulturprosjekt – 1. tildeling 2022. Tilskotet hadde søknadsfrist 15.11.21.

I følge retningslina skal ordninga støtte prosjekt innan kulturfeltet, opne arrangement og kjøp og innkjøp av utstyr. Tilskot er behovsprøvd og kan gjevast direkte eller som underskotsgaranti. Underskotsgaranti til arrangement skal søkjast **i forkant**, og kan ikkje gå til arrangement som er budsjettert med underskot.

Det er sett av kr 60.000 til fordeling i denne søknadsrunden. I 2021 vart det fordelt kr totalt kr 265.000 fordelt på 2 rundar – 08. juni 2021 sak OKK 39/21 og 12. oktober 2021 – sak OKK 059/21.

#### Saksopplysninger:

Uttale Alver kulturråd datert 25.01.22, skriv rådet følgjande;

1. I eit lag med eit styre må det vere hovudstyret ved leiar som søker om midlar for laget. Dette er ei demokratisk innretning kor det er den juridisk ansvarlege som står som søker og held intern dialog og fordeling av midlar med undergruppene og aktivitetane i laget. Det blir uoversiktleg nå laget søker i ei ordning og ein aktivitet i same lag søker ei anna ordning. Dette har vore peika på før i sakshandsaminga av driftstilskot og er noko som vil redusere kompleksiteten i handsaminga.
2. Alver kulturråd ønskjer at kulturadministrasjonen tar ein gjennomgang av kva som er definisjonen av eit medlem i eit lag. I og med at driftstilskot er medlemsbasert så er det ei viktig sak. Særleg med tanke på skulekorpsa som har mange vaksne medlemmar og vaksenkorpsa som har mange unge under 19 år som medlemmar.
3. Det kan vere vanskeleg å skilje mellom det er som er forventa normal aktivitet i laget (drift) og det som ligg føre som prosjektsøknad. Alver kulturråd vil oppmode administrasjonen om ein gjennomgang av prosjektsøknadane.

#### Kommentar frå rådman

1. Det er primært hovudstyret som skal søkje tilskotsmidlar. Ein ser likevel at nokre av laga har t.d. både barnekor og vaksenkor. Det er vanskeleg å føre tilskot til vaksenkor under tilskotkategorien for skulekorps og barnekor.
2. Det er vanskeleg for rådmann å instruere alderssamansettinga i eit lag.
3. Alle prosjektsøknad blir gjennomgått.

#### Vurdering

Grunna redusert ramme for tilskotsmidlar i 2022, er det gjennomført ein streng prioritering av søknadar.

21/9210 Kulturprosjekt					
Søklar	Tiltak	Vurdering	Kostnad	Søknadssum	Tilskot
Nordhordland bibelskule (21/84833)	Språkkafe ein gong i mnd for innvandrere	Ingen vedlegg, jmf retningsline for tilskotsmidlar vedtatt 18.08.21 Søknad vert avslått.	6000	5000	0
Frekhaugmarka vel (21/82693)	Kjøp av arkitekt-kompetanse til kvalitetssikre prosjekterteking av vellagshus	Ingen vedlegg, jmf retningsline for tilskotsmidlar vedtatt 18.08.21. Søknad vert avslått	6000	5000	0
Håkon Aase (21/79499)	Dok av murararbeid utført av "kongemurarane" Arvid og Birger	Ikkje prioritert pga avgrensa midlar. Søknad vert avslått	30000	15000	0

	Reigstad				
Jannicke Waldersnes Baug (21/78311)	Kunstprosjekt der eldre menneske blir intervjuet om sin livshistorie. Presenteres med emosjonelle portrett av dei	Ikkje prioritert grunna avgrensa midlar. Søknad vert avslått	55000	30000	0
Alversund kammerkor (21/77081)	Konsert med framføring av Mozart Requiem 14.11.21 i Knarvik kyrkje	Konsert ble avholdt i nov 21. Har ikke søkt underskuddsgaranti. Søknad vert avslått			0
Bygdelaget 5915 (21/77078)	For å feire "gjennomopninga" etter pandemien, samla dei bygda på Hjelmåskaia med gratis utekino	Bygdelaget 5915 driv eit "liv & lyst" prosjekt som dei har fått kommunal-og fylkeskommunal støtte til. Søknad vert avslått	25000	10000	0
Amcar Nordhordland (21/77077)	Ferdigstille ein 1997 Chevrolet Chrysler cabriolet som klubben har kjøpt inn som eit ungdomsprosjekt	Ungdom er prioritert. Søknad vert innviga	12000	10000	5000
Hordabø idrettslag (21/77076)	Hordabø idrettslag arrangerer dansar, show og konsertar. Dei treng utstyr til å scanne bill v/inngang	Arrangør av mange kulturarrangement i Alver. Søknad vert innvilga	30000	30000	10000
Nordhordland kunstlag (21/77074)	Ønskjer å etablere kunstverkstad i gamle Alversund skule for akt innan handverk, kulturuttrykk og kunst. Må få på plass avtale med Alver kommune	Lokalar på Alversund skule er uavklart. Event leige vil gå fram til sommeren 2022. Søknad vert avslått	120000	50000	0
Nordhordland turlag (21/77073)	Turlaget ønskjer å leggje til rette for akt for barn/unge t.d. coastering, klasseturar til Jotunheimen, hytteturar mm	Ungdom er prioritert. Søknad vert innvilga	1040000	100000	28000
Musikkens Venner (21/76088)	RIT - Konsert basert på dikt av Olav H Hauge på Meieriet kulturhus på Frekhaug	Olav H. Hauge RIT konserten var del av nynorskdagane hausten 2021. Søknaden vert ikkje prioritert grunna begrensa midlar. Søknad vert avslått	31000	15000	0
Musikkens Venner (21/76087)	Konsert med Engedårdskvartetten. Tema for konserten er seine strykekvartettar av	Tilskot blir gjeve som underskotsgaranto inntil kr 6.000. Underskotsgaranti vert innvilga	54000	31000	6000

	Schubert med innblikk i historiasom ligg bak denne musikken.				
Eikanger kultur (21/76086)	Som del av Kunstrunden påsken 22, er det planlagt eit felles utstilling på biblioteket i Knarvik	Eikanger kultur utviklar Kunstrunden i Alver. Søknaden vert innvilga	20000	15000	6000
Manger skulemusikklag (21/76085)	Få skreive eit stykke spesielt for korpset som skal spelast p Hordablæsten 2022	Ikkje prioritert grunna begrensa midlar. Søknad vert avslått	150000	20000	0
Skodvin skulemusikk (21/75867)	Kjøp av paukar	Skodvin skulemusikk fekk løyvd kr 17.000 til paukar i sak 059/21 Kulturprosjekt hausten 21. Søknaden blir ikkje prioritert grunna begrensa midlar. Søknad vert avslått	50000	30000	0
Aron Drage (21/75202)	Kunstnar Aron Drage skal arrangere barneaktiviteter som kroppsmaling og forskjellige utflukter for barn. Prosjktet er et julearrangement	Prosjektet vart arrangert i desember 2021. Søknad vert ikkje prioritert grunna begrensa midlar. Søknad vert avslått	60000	30000	0
Lindås songlag (21/75130)	Julekonsert i Lindås kyrkje med Lydia Hoen Tjore som solist samen med prof. Musikare og lyd	Konsert ble avholdt etter konsert vart avhold. I hht retningsline skal underskotsgaranti søkjast før arr. Søknad om underskotsgaranti vert avslått	85000	20000	0
Seim songkor (21/71879)	"Nattfugl" er ein konsertserie av og med Seim songkor via diktaren Aslaug Låstad Lygre. Arr 6-7 nov 2021 i Knarvik kyrkje og Lindås kyrkje	Underskuddsgaranti skal søkjast i forkant av arr. Det vart søkt underskotsgaranti i epost datert 14.nov. for konserter arrangert 6-7 nov	181050	71525	0
Fløksand grendalag	20 årsjubileum. Festkveld med diverse aktørar samt fotoutstilling	Tilskot til markering av jubileum. Søknad vert innvilga	20000	20000	5000
Linn Merethe Myrtveit (21/71413)	Julekonsert ulike stadar i Alver med bandet "Try with coffee" + saksofonist Paul Faucus	Konsert ble avholdt i 2021. Har ikke søkt underskuddsgaranti i forkant av konsert.	18000	8000	0
<b>TOTALT</b>					<b>60000</b>

**Vedlegg i saken:**

01.02.2022

Alver Kulturråd - uttale fordeling kulturmidlar jan 2022

1683517